



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 26.07.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	5996/10	020	FSK/FEL/VIST	

### TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 18.06.10

Desse møtte: Veronika Hestad Kjøndal, Ingunn Martinsen, Ida Marie Kjærefjord Lavik og referent Vibeke Øxnevad Stoltz.

I tillegg møtte Vegard Aslaksen og Erlend Tvedt for Tysnes ungdomslag:

Desse møtte ikkje: Hanne Hope, Andreas Langeland, Torstein Flakke, Amalie Helland, Hanne Storesætre og Jostein Gjerstad.

Forfall: Helene Flakke og Tony André Gundersen:

Tid: kl. 18.00.

Stad: Tysneshallen var stengt og møtet vart derfor flytta til Vonheim

På grunn av svakt frammøte var styret ikkje vedtaksført. Berre punkt 36 a på sakliste vart teken opp til diskusjon.

#### **Sakliste:**

36. Handsaming av sakliste

a) Leigeavtale mellom Tysnes ungdomslag og Tysnes ungdomsråd.

Framlegg til leigeavtalen vart gått gjennom og diskutert mellom ungdomsrådet og ungdomslaget.

Følgjande punkt vart teken opp:

- Husleiga bør vera kr 500,- pr. kveld.
- Innbetaling kan skje den første i kvar månad.
- Ungdomklubben disponerer følgjande lokale: Labyrinten, toalett/gang, spelrom/lager og lem/scene (seinare garderobedel når den vert ferdigstilt).
- Lokala skal leverast tilbake i same stand som dei vart avleverte før bruk.
- Prosjektor, lerret, sorroundanlegg og biljardbord vil stå til disposisjon for Tysnes ungdomslag etter avtale.

- Tysnes ungdomsråd er ansvarleg for å ta alle kostnader og erstatningar ved skader påført ved deira bruk av utstyr som Tysnes ungdomslag eig.
- Vaktar må setja seg inn i branninnstruks og rømmingsvegar.
- Tysnes ungdomslag er ansvarleg for naudsynt branntryggleik av lokala.
- Tysnes ungdomslag var ikkje innstilt på at noko av kostnadene ved installering av fiber vert trekt ifrå på husleige.
- Avtalen bør kunna reforhandlast.

Vibeke Øxnevad Stoltz  
referent